

FAKTA

TRANSPORT AV STORFE



STORFETRANSPORT OG DYREVELFERD

Det blir årleg transportert om lag 400.000 storfe her i landet. Av desse er 2/3 slaktedyr og 1/3 livdyr. I tillegg kjem all beitetransport. Under transport blir storfe utsette for ei rekke faktorar som kan vera stressande. Pålessing, stopp undervegs, rørsle i transportmidlet, transporttida, fastbinding og blanding med framande dyr er dei viktigaste, og det er summen som er avgjerande. Ein god transport er kjenneteikna av: rask og enkel pålessing, få stopp undervegs, ein moderne dyrebil og ein dyktig og omtensam sjåfør. Slike transportar er ei lita påkjenning for dyra.

KAN ALLE DYR TRANSPORTERAST?

Det er eit krav at produsenten før transport

skal ha vurdert tilstanden til dyret og om det kan transporterast. Blant anna er det ikkje lov å transportere:

- Dyr som har mindre enn 10 % av drektighetstida igjen før fødsel
- Dyr som har født i løpet av siste sju dagar
- Dyr som har opne sår eller skjede-/børframfall
- Som har smerter når dei går og difor haltar.
- Dyr som er påkjent, som har feber eller som er sterkt avmagra
- Dyr med svært vanskeleg lynne, som ikkje kan handterast utan at det får panikk og difor er til fare for folk og andre dyr, kan ofte ikkje transporterast.

Transport av storfe:



Storfe bør drivast lause ved pålessing og det bør nyttast solide grunder som er festa til vegg.



Storfe toler godt å blir transportert, men det må vera kvalitet frå pålessing til avlesing.



Storfebruket bør ha eiga pålessingsrampe så ein slepp å ta dyra frå bakkenivå.

Andre tilstandar kan det vera vanskelegare å vurdere. Ein må sjå dyret sin tilstand opp mot forholda på transporten, særleg om dyret får stå åleine, kva type transportmiddel (betre komfort på ein dyrebil enn i ein hestehengar), køyretid og vegstandard høyrer med i den vurderinga. Eit dyr som ikkje er transportdyktig på ein ordinær transport, kan ein av og til transporterast om dyret får stå aleine og vegen er god. Er du i tvil kan du kontakte veterinær for å få hjelp i vurderinga – gjerne veterinæren på slakteriet. Uavhengig av di og eventuelt veterinærens vurdering, så er det dyrebilsjåføren som er ansvarleg for transporten og som difor har det avgjerande ordet. Sjåføren har rett og plikt til å avvise dyr han meiner ikkje er transportdyktige.

TRANSPORTTID OG PÅLESSINGSTID

Gjennomsnittleg transporttid for storfe til slakt er 3 timar og meir enn 1/3 av denne tida blir brukt under pålessing. Lang pålessingstid skuldast ofte manglande klargjering hjå produsent. Før dyrebilen kjem skal produsent ha gjort følgjande:

- **Vurdert om det enkelte dyr er transportdyktig**
- **Skilje ut dyra som skal sendast i eigen bingje (lausdrift)**
- **Klargjort drivgang fram til dyrebilen**
- **Klartgjort for dyrebilen (rydding, strø vintertid m.m)**

TIPS FOR PÅLESSING

- **Oksar må venjast handtering og bør flyttast fleire gonger før transport**
- **Lag drivgangar med solide grinder**
- **Syt for jamt og godt lys utan sol eller skugger der dyra skal gå**
- **Golv et må vera sklisikkert**
- **Driv dyra lause på bilen**

FORSKRIFT OM HOLD AV STORFE – PÅLESSING

Forskrift om hald av storfe krev at: «Det skal være egnet plass som sikrer at inn- og utlasting av dyr kan foregå på en dyrevern- og smittevernmessig sikker måte» I praksis betyr dette at sjåføren ideelt sett ikkje skal inn i fjøset, og at strø frå dyrebilen skal fjernast etter pålessing. Risikoen for skade på grunn av glatte golv, skarpe kantar og liknande skal vera minimal. Det er ikkje lov med regelmessig bruk av hard tvang under pålessing (vriding/knekking av hale, elektrisk drivstav, bruk av vinsj o.l.).

STRESS OG KJØTTKVALITET

Spisekvalitet blir blant anna bestemt av energilagring til dyret på slakketidspunktet og ulike former for stress tappar desse lagra. Det tek opp mot ei veke før energilagring er fylt opp igjen. Ein bør difor unngå stressande handtering minst ei veke før slakting – døme på slik handtering er:

- **Omgruppering av ungoksar/ oksekalvar**
- **Sanking, driving, veging eller sortering**
- **Oppbinding av dyr som berre har gått lause**
- **Avvenning av ammekalvar**
- **Rask nedtrapping i førstyrke ved t.d. avsinning**

MJØLKING FØR LEVERING

Det er eit krav at mjølkekyr i høgglaktasjon (tre fyrste månader etter kalving) skal mjølkast minst kvar 12. time, men mjølkning under framande tilhøve på eit slaktefjøs er ei dårleg løysing for både ku og slaktefjøs-personale. Den beste måten å etterkoma kravet på, er difor å mjølke kyrne rett før henting og slakte dei seinast 12 timar etter sist mjølkning. Tilsvarende kan også gjelde kyr som ikkje definerast som høgglakterande, men dette kan personale på slakteria vurdere i kvart enkelt tilfelle. Slakteria er avhengig av at produsentane berre leverer nymjølka kyr for å kunne etterkoma dette kravet. Det vil dessutan kunne ventast ei omlegging i hentetidspunkta i enkelte område.

SKILJE MELLOM DYR UNDER TRANSPORT

I transportregelverket er det krav om skilje mellom vaksne hann- og hodyr, store og små dyr, samt dyr med og utan horn. Den praktiske tolkinga av dette er at dyr med inntil 40 % skilnad i vekt og kolla og horna dyr frå same gruppe, kan stå i same rom. I enkelte tilfelle blir det vurdert som ei betre løysing å sette ei vaksen ku saman med ungoksar framfor med andre framande kyr.

RULLANDE HJUL

– DYREBILSJÅFØRENS ANSVAR

Etter at produsenten har gjort sitt for å sikre stille, rask og roleg pålessing, overtek sjåføren ansvaret for velferden til dyra. Hans viktigaste oppgåve er å køyre forsiktig. Storfe står under transport og blir difor særleg påverka av sjåførens køyrestil. Det er også sjåførens ansvar at arealkrava i regelverket blir følgt. Dårlig plass under transport er ei stor påkjenning for dyra og aukar skaderisikoen.



Inge Midtveit er veterinær, uteksaminert frå NVH i 1998. Han har jobba i privat praksis og i Statens dyrehelsetilsyn – Fylkesveterinæren for Nordland.

Inge jobber i dag for det meste med kurs, rådgivning og undervisning mot dyretransportbransjen, konsulentoppdrag for slakteriene og prosjektledelse ved Animalia.

inge.midtveit@animalia.no